

Sak 55/2017 Svar på interpellasjon om tigging i Meland

I interpellasjonen frå Sigmund Larsen (FrP) blir det vist til NRK-programmet «Brennpunkt» som, ifølgje interpellanten, har «grundig dokumentert at utenlandske tiggermiljøer» står bak mykje kriminalitet.

Først vil eg seie at det er fint at også FrP finn noko dei likar på NRK, eller ARK (Arbeiderpartiets rikskringkastning) som dei konsekvent har kalla statskanalen dei siste tiåra. Så vil eg stille spørsmålet kvifor representanten Larsen vel å kalle dette for «tiggermiljøer»? Sjølv vil eg kalle det kriminelle miljøer, det minste problemet desse står bak er vel tigging?

Når det er sagt er det til dels svært alvorleg kriminalitet som blir vist i dette programmet, og det er viktig at politiet i Bergen har stort fokus på å få sett ein stoppar for den aktiviteten dei står bak. Prostitusjon, menneskehandel, narkotikahandel osv. er lovbrøt som politiet skal etterforske, uavhengig om tigging er ulovleg eller ikkje. Eg viser her til Stavanger som gjekk etter narkotikatrafikken og gjennom dette fekk sett ein stoppar for mykje av den tilhøyrande kriminaliteten som blir vist i NRK-programmet.

Det er viktig å møte utfordringane med rette tiltak. Programmet som det vert referert til viser eit kriminelt miljø i Bergen, men nokre av desse er og observert i Nordhordland. Likevel reagerer eg på at eit program som viser eit tydeleg storbyproblem blir brukt til å prøve å innføre eit tiggjarforbod i Meland. Tiggjarforbod var ei tydeleg kampsak for Meland FrP i valkampen framfor kommunevalet, og ein var no raskt på pletten for å prøve å puste liv i denne FrP-kjepphesten. Men, eg er ganske sikker på at eit tiggjarforbod i Meland ikkje er rett tiltak for å møte dei storbyutfordringane som vart vist i NRK-programmet. Men for FrP er det gjerne ei god valkampsak, vi ser no at liknande interpellasjonar dukkar opp i den eine småkommunen etter den andre landet over.

Eg står fast på det eg sa før valet i 2015, tigging er ikkje eit stort problem i Meland, og ein bør ev. heller følgje oppmodinga frå lensmannen i Nordhordland om å ikkje gi til tiggjarar. Eg vil ikkje vere med å sale opp FrP-kjepphesten, men heller oppfordre kommunestyret til å avvise denne saka. Vi har knappe administrative ressursar i Meland kommune, spesielt no når ventar på ny rådmann. Eg meiner det er heilt feil bruk av våre knappe administrative ressursar å be rådmannen utgreie ei slik sak.

Frekhaug, 9.5.2017

Øyvind H Oddekalv